

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1258  
5943 Austrheim

**JULEKONSERT**  
AUSTRHEIM KYRKJE

# Glade Jul

MED

AUSTRHEIM SONGLAG

SØNDAG 17. DESEMBER  
KL. 17.00 OG 20.00

Dirigent: Elisabeth Risnes  
Orgel og piano: William Kay  
Gjestermusikarar

BILLETT:

KR. 250,- (VAKSNE) / KR. 100,- (BORN TIL OG MED 15 ÅR)

KJØP AV BILLETTAR PÅ - [WWW.TICKETCO.NO](http://WWW.TICKETCO.NO)  
ELLER SEND SMS/E-POST TIL JANNE BERGER  
MOB. 91521689 / POST@AUSTRHEIMSONGLAG.NO

BLAD

Kyrkjebakken nr. 9 – 2023 – Julenummeret – årgang 52- Nytt stoff innan 19.januar



**KYRKJE BAKKEN**  
Informasjonsblad for Austrheim sokn



# Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

**Laurdag 02.des kl. 19.00**  
Lysmesse ved konfirmantane

**8.des kl 18.00**  
Gudsteneste for alle

**Søndag 10.des kl. 18.00**  
Julen i våre hjerter  
konsert med Tor Endresen  
Billetter på [www.hoopla.no](http://www.hoopla.no)

**Søndag 17.des**  
Austrheim songlag sin julekonsert

**Søndag 24.des kl. 14.30 og 16.00**  
Julaftagudsteneste

**Søndag 25.des kl. 12.00**  
Høgtidsgudsteneste  
ved Stein Hugo Fykse

Treng du skyss for å kome  
deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Bodil Monslaup 414 57 215  
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,  
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90  
E-post: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

**Kontortider:**  
Sokneprest:Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

**Bustadtelefonar:**  
Stein Hugo Fykse 909 60 154  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og  
kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar  
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## Redaksjonen

Epost kyrkjbakken:  
[kb.austrheim@kyrkja.no](mailto:kb.austrheim@kyrkja.no)

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Jostein Hauge,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal,  
Britt Rebnord,  
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim  
Trykk og Design Trykk-Service as

# Ei strime av Von

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne julen med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von. Og likevel - framfor julen ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at julen blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den første julen lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei første gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime. Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den første julen fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den første julen var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljuset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

**Av biskop Ragnhild Jepsen**

# Min Julesalme

Nordnorsk julesalme  
av Trygve Hoff

Eg høyrd den på julekonserten til Kurt Nilsen og då song Christel Alsos nordnorsk julesalme.  
Den er heilt nydeleg

*Velsigna du dag over fjordan,  
velsigna du lys over land.  
Velsigna de evige ordan  
om håp og ei utstrakt hand.  
Verg dette lille du gav oss,  
den dagen du fløtta oss hit,  
så vi kjenne du aldri vil la oss  
forkomme i armod og slit.*

*Vi levde med hua i handa,  
men hadde så sterk ei tru.  
Og ett har vi visselig sanna:  
vi e hardhausa vi som Du.  
Nu har vi den hardaste ria,  
vi slit med å kare oss frem  
mot lyset og adventsti'a,  
d'e langt sør tel Betlehem.*

*Guds fred over fjellet og åsen,  
la det gro der vi bygge og bor!  
Guds fred over dyran på båsen  
og ei frossen og karrig jord!  
Du ser oss i mørketidslandet.  
Du signe med evige ord  
husan og fjellet og vannet  
og folket som leve her nord.*



av Erna Grøttveit

AUSTRHEIM KULTURSKULE 40 ÅR

## Juleforestilling med Tiriltunge Barnekor



## Piken med de magiske SVOVELSTIKKENE

Austrheim Samfunnshus

LAURDAG 02. DESEMBER KL. 16.00  
SUNDAG 03. DESEMBER KL. 16.00



BILLETT: VAKSNE KR 150,-/BORN KR 100,-

(BORN UNDER 3 ÅR GRATIS PÅ FANG)

FØREHANDSSAL PÅ MASTREVIK BOK OG LEKER  
OG TICKETCO

STØTTA AV SPAREBANKEN VEST

# Bygdatreff



Endå eit bygdatreff er over. 25.10. var Magnar Sætre der og fortalte og viste bilete om båtane i familien som bestefaren, Martin i Budalen, starta opp. I tillegg fortalte han om seg sjølv og livet sitt på sjøen. Det var tydeleg at dette med fraktebåtar fenga folket i bygda. 92 personar talde Jan til. Yngstesonen til Martin, Knut på over 90 år, var der også saman med sin son, Åge, som framleis driv med fraktebåtar. Åge var også framme og hadde eit innlegg. Rune var også med denne gongen, og var den som intervjua Magnar. Og sjølvsagt opptrødde Jan Foss. Gode skiver og julebrød med ost fekk me servert. Nokre fine timer.

## Bygdatreff i januar

Velkommen til Bygdetreff på Kyrkjelydshuset onsdag 31.januar kl.11-13. Denne gongen vert Sverre og Helga Stokke med. Sverre fortel i ord og bilete frå heimbygda og oppveksten sin i Hennøystranda. Det vert enkel lunsj og som vanleg god tid til prat.

*Ta med naboar og venner og bli med.*

The poster has a dark blue background with white text and decorative snowflakes. At the top, it says "Velkommen til Lervåg bedehus". Below that, it lists a meeting on Sunday, December 10th at 11:00 AM with a speaker Terje Tofting. It also mentions a Christmas service on December 24th at 14:00 PM with music by Kaland skulemusikkklag, performers Else Linn and Mariam Myrås, and a reader Eva Neteland. There is a small illustration of a manger with a star above it.

## ÅRÅS BEDEHUS

Søndag 10. des.

Adventsmøte kl 11:00 Solveig Hosøy talar.

Torsdag 28. des.

Juleselskap. Korgfest. 17:30

Søndag 11. jan.

Formiddagsmøte kl 11:00

Søndag 28. jan.

Formiddagsmøte kl 11:00

Søndag 4. feb

Bibeltime v/Audun Hjellvik Kl 19:00

Søndag 25. feb

Bibeltime v/Audun Hjellvik Kl 11:00

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30

Velkommen til samlingane! [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)

Austrheim Indremisjon på Facebook.



# Takkeannonser

## Takk

Til Diakoninemnda for gaven eg fekk til min 90 års dag. Og takk til Torunn som kom med den.

Helsing Astrid Lerøy

## Mange takk

til diakoninemnda for oppmerksomheten på min 82-årsdag.  
Og takk til Målfrid som kom med hjertene

Helsing Kjell Matre

## Takk

til diakoninemda for sjokoladen eg fekk til 81 års-dagen og som Svanhild kom med.

Helsing Bjørg Leirvåg

## Hjarteleg takk

for minnegåva som vart gitt til Nordliheimen i samband med gravferda til Edith Solberg.  
Takksame helsingar frå personalet og bebuarane ved Nordliheimen

## Hjertelig Takk

for all omtanke, vakre blomster og deltagelse ved vår kjære mor Edith Johanne Solberg sin bortgang.  
Stor takk for minnegaven gitt til Nordliheimen, takk til hjemmesykepleien og personalet på Nordliheimen for god pleie og omsorg. Takk til Vatne begravelses-byrå, Prest Stein Hugo Fykse, organist Ann Jorun Hillersøy og fiolinist Tor Jaran Apold som bidro til en fin seremoni og avskjed.

Hilsen Willy-Arne,  
Egil og Marion m/fam.

## Tusen takk

for hyggelig hilsen frå diakoninemnda på min 87-årsdag 10.november.

Hilsen Jan Foss

## Takk

til Diakoninemnda for gaven eg fekk på dagen min og til Bodil som kom med den.

Mvh. Einar Bakke



## TEMAKUEL/D/SOSIAL SAMLING

På Kyrkjelydshuset, mandag 29.01.24, kl 19:00

- **Arne Mulen** er prest og tidligare misjonær. Han har vore misjonær for NMS i Paris. Han vil snakke om temaet misjon under overskrifta:

"Misjon - suksess eller fiasko?"

- **"Mini basar"** med åresal der inntekta går til misjonsprosjektet som Frode Sætre jobbar for i Mali.
- Kveldsmat med smørjemåltid og tid til ein prat!



# SYNG MED OSS

Austrheim Frivilligsentral og Austrheim Kulturskule ønskjer å starte eit song-tilbod i Austrheim for personar med demens og deira pårørande. Tilboden vil vere ca ein gong kvar månad på Seniorsenteret, onsdagar kl. 15.00.

Musikalsk leiar er Lejla Madzarevic, ho er tilsett i kulturskulen og har utdanning innan musikkterapi. Vi ynskjer å ha med frivillige, så er du interessert i å delta i ei hyggeleg song-stund kan du ta kontakt med Rigmor Ludvigsen.

Tiltaket er både for heimebuande eldre, og bebuarar på Nordliheimen. Dette er eit frivillig tilbod, der pårørande må ta initiativ og ansvar. Det blir song, kaffe og noko å bite i.

Påmelding til Rigmor Ludvigsen på telefon 456 35 324.

**FØRSTE «SYNG MED OSS» BLIR ONSDAG 13. DESEMBER  
KL. 15.00 PÅ SENIORSENTERET.**

TILBODET ER STØTTA AV NORDHORDLAND DEMENSFORENING

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15

Onsdag 14-19

Fredag 10-15

### FONNES FILIAL STENGT

Fonnes filial er stengt på grunn av den pågående ombygginga av Kaland skule.

Ombygginga skal vera ferdigstilt til sommaren 2023, det kjem nærmere informasjon når biblioteket opnar igjen

Følg oss gjerne  
på facebook

### God bok



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt 116117

## AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

08.30-12.00 .

Telefontid: 08.30 - 12.00 og 13.00 - 14.00.

Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

## INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

## ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42  
56 16 21 38

Høyrselskontakt i  
Austrheim 56 16 21 23



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

## Knüter CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knuter.catering.no](http://www.knuter.catering.no)



**KILSTRAUMEN**  
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,  
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975  
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: [WWW.KILSTRAUMEN.COM](http://WWW.KILSTRAUMEN.COM)



## DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

**KREFTKOORDINATOR:**  
Tove Kristin Sleire Tistel  
Tlf: 40 90 02 16  
Sætremarka 2 -k-hus  
Tysdag ,Torsdag og Fredag

**DEMENSKOORDINATOR:**  
Åshild Sandvin Olsson  
Tlf: 96 62 66 56  
Sætremarka 2 -K-Hus  
Tysdag , Onsdag og Torsdag

**VATNE**  
begravelsesbyrå  
DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)  
Kvassnesvegen 11, 5914 Istdalstø  
[vatne-byra.no](http://vatne-byra.no)

## GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.  
Se på utvalg på: [www.oenstein.no](http://www.oenstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

# Julehelsing frå orgelkråkken

Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske – at du hugsar på det, eit menneskebarn – at du tek deg av det? Salme 8

Det har vore veldig fine kveldar med flott stjerneskin no i november. Det var eit fantastisk skue med nordlyset som leika over himmelen etter me hadde hatt helgemesse. Det er noko stort og mektig som gjer at eg føler meg både liten og stor på same tid. Liten under ein stor stjernehimmel, og stor som får lov å vere ein del av dette. Det var nok berre eit glimt av kva gjetarane på marka fekk oppleve med englekor, og det dei tre vise menn fekk oppleve då dei følgde stjerna til stallen. Men det er godt å få føle på Guds nærvær gjennom slike storstålte opplevingar.

Nå er den hellige time.  
Vi står i stjerneskinn.  
Og hører klokken kime,  
nå ringes julen inn.  
Englene synger høyt i kor,  
Synger om fred på vår jord.  
Verden var aldri helt forlatt,  
En stjerne skinner i natt.

Kvar julafta er eg ute og speler på gudsteneste, og eg har alltid pleidd å høre på Kim alle klokker på Nrk radio når eg kører heim. Der får eg høre på julemusikk og opptak av kyrkjeklokker rundt i heile landet. Jula skal ringast inn mellom kl. 17 og 18. Når eg passerer kyrkja på Lindås, må eg alltid ned med vindauge og høre på kyrkje klokka der. Det hører med, og er blitt ein god tradisjon. Freden har senka seg over landet, og no er det heim for å feire jul.



*Stjernen lyste julenatten. Lyste for å vise Himlens kongesønn Barnet som gir håp og fred. Han kan også bli vårt tilfluktsted. Stjernen lyser vei for alle. Slik at vi kan møte Himlens kongesønn Jesus gjorde det for deg, krybben og til korset var hans vei*

Dette er siste verset i ein julesong som eg har laga. Himlens kongesønn. Jula er ei viktig høgtid som leier oss fram mot påska sitt budskap. «Krybben og til korset var hans vei». Det er flott å gå inn i adventstida for å feire at Jesusbarnet kom til jorda. Den største julepresangen me har fått. Derfor pleier me å lese juleevangeliet før me opnar presangane på julafta.

Så vil eg avslutte med siste verset på ein gammal julesong, Folkefrelsar til oss kom. Tekstforfattar Ambrosius døydde i 397, så det nærmar seg 1700 år med denne teksten.

**Lov og takk, du Herre kjær, som til verdi komen er! Fader god og Ande blid, lov og takk til evig tid!**



Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gåve/Glas - Gardiner/Utsyrsvarer - Bokhandel/Leikar Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Fiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Sør oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



**BOSCH**  
Service

Car Service

For everything your car needs.



## Gudsteneste for alle

20.10. var det gudsteneste for alle med nyepresten Stein Hugo Fykse. Han hadde aldri vore med på dette før og kalla seg lærling då Jostein intervjuja han. Jostein

leia kvelden. Presten hadde gudstenesta, og det var rollespel som vanleg. Ein fin kveld som vart avslutta med mat og drikke slik det bruker å vera.

**Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?**

No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på [fosterheim.no](http://fosterheim.no)

Illustrasjonsfoto

# Juletresalg Littlelindås



RISTNA BRUK ØNSKER GAMLE OG NYE KUNDER VELKOMMEN TIL JULETRESKOGEN VÅR INNE PÅ LITTLELINDÅS 101.

FØLG OSS PÅ FACEBOOK FOR MER INFORMASJON.

Her kan vi tilby deg juletre rett fra skogen, eller du kan finne deg et som står utstilt ved løa vår.

Vi er selvfølgelig behjelplig med både saging og pakking av ditt juletre.

Det vil også være salg av egenproduserte kranser, kristtorn buketter, gravpynt, juledekor og diverse strikkeprodukter samt Ramsløk pure` og olje

Vi tar bestilling på bar/mosekranser og Gravpynt fra første søndag i advent

For å komme i ekstra god julestemning så fyrer vi i bålpanna samt servering av gløgg og pepperkaker

Ta med heile familien til en koselig tur i juletreskogen.



**Åpningstider:**  
**10/11 des fra 10 - 16**  
**17/18 des fra 10 - 16**

Om du vil komme og merke deg et tre eller finne deg et tre som er utenom disse tidene så er det bare å ta kontakt på mob 905 63 722 eller på FB-siden til Ristna Bruk.

**Vi vil også ha utsalg ved REMA Mongstad fra 10-11 des. Hos oss kan du betale med kort, kontant eller vipps**



## Går du i 5.klasse?

Bli med på overnatting i kyrkja!

20 - 21.januar

Påmelding: [www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)  
innan 12.januar



DEN NORSKE KYRKJA  
Austrheim sokn



## Konsert med Knøttekoret og Jostein

Vi er så heldige at vi har Knøttekor i Austrheim kyrkje. Det er ein god gjeng som møter til øving i kyrkja annankvar tysdag saman med Gunn Dyrkolbotn og Olaf Aarvold. Laurdag 28.oktober var det konsert i kyrkja. Knøttekoret hadde øvd inn mange flotte songar som dei framførte med glans. Det var Jostein som leia

konserten, og han hadde fått med seg Tom Ove Lie og dottera hans Mathilde. Dei song mange fine songar som Jostein hadde laga, og fleire av dei var hermesongar. Der song dei først, og dei som var i kyrkja svara. Vi gler oss til fleire konsertar både med Knøttekoret og med Jostein.